



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

Oktober 1971

Nr. 7

Den bortkomne Faderen

I yngre år les eg ei bok av Garborg, og det er frå den boka at overskrifta er teken. Garborg fortel om den bortkomne sonen, som kom heim, men han fann ikkje Faderen heime.

Det var ikkje så godt å skjønna kva Garborg meinte med dette. Det høvde så lite med kristen lære og mi barnetru.

Etter som åra har gått har eg funne i alle høve noko i det Garborg ville ha fram: Det er menneskelagnaden han tek for seg. «Eg kjenner deg, eg kjenner deg som aldri vann», skreiv han. Ja, må me ikkje gjeva Garborg rett. Me kjenner dei som gjerne vil heim til Faderhuset, men det er liksom det ikkje vert noko møte med Faderen. Ein mann som eg ofte råka og tala mykje med var komen til at det einaste rette var å venda heim til Faderhuset, — men, sa han — det er dette å taka avgjerda:

Skal tru om det er her feilen med

tida sin bortkomne son ligg. Me veit noko om den bortkomne sonen som bibelen talar om. — Han tok til vetet, står det. Med andre ord: Han resonerte. Han som før var heime i faderhuset heldt på å setja livet til. Så tok han avgjerda: «— Eg vil stå opp og gå til far min». Her er det at tampen brenn for mange av oss. Det første steget mot Faderhuset er så vanskeleg å taka.

Det er så mangt som hindrar. Det er som store fjell stengjer. Så går åra til det ikkje er fleire, og Faderen ventar på barnet som aldri tykkjest koma. Men så er der også dei som kjem og som finn Faderen heime. Ja, ikkje berre det. Faderen kjem til møtes med dei. Dei tok på heimveg og fekk røynta at Guds ord er sant. Dei fekk verta born i Faderhuset av nåde. Faderhuset er alltid ope for den som kjem.

Dortheus Ro

Ungdomstinget for Bjørgvin 1971

Det andre ungdomsting for Bjørgvin bispedømme ble holdt i Slettebakken kirke i dagene 13. og 14. august.

Hvorfor ungdomsting? Målet er først og fremst å samle de unge i et kristent felleskap, oppbygge og styrke det personlige troesliv og trenge dypere inn i samfunnet med Vår Herre og Frelser.

Omlag 100 deltagere fra våre menigheter rundt om i bispedømmet møtte frem til tinget. Av programmet første dag kan jeg nevne: biskopens time og innledningsforedrag «Kirke i oppbrudd» av generalsekretær Gunnar Stålsett. Kirke og oppbrudd var forøvrig tema for ungdomstinget. Første dags program ble avsluttet med såkalt rytmegudsteneste i Slettebakken kirke.

Undertegnede var med i gruppen som drøftet Kirke i oppbrudd. Jeg skal her referere til noe av det som kom frem under samtalen. Hvis det er slik at vi ønsker å skilles fra staten må menighetene bygges opp. Lederen av gruppen orienterte om langtidsplan for en menighet med følgende plan: Aldershjem, menighetsråd, menighetsblad, Aksjonskomite for evangelisering, diakoniutvalg, møtekomite, misjonsutvalg, menighetskveld, økonomiutvalg, givertjeneste. Arbeidsutvalg: Menighetssekretær, områdeleder, rodeforstander for 20 husstander.

Med en slik plan skal alle som bor innenfor sognegrensene få besøk av menigheten og tilbud om et arbeid som passer for deres aldersgruppe. Det er viktig med en sammenheng i alt det kristne arbeidet som drives —

og å bygge opp en økonomi som gjør et forsvarlig arbeid mulig. Noen mente at en slik plan ville føre til overorganisering — eller at noen få ville slite seg ut ved å drive hele apparatet. Men det var enighet om at planen var god. Splittelse i menighetene skaper på mange steder store problemer for det kristne arbeidet. De forskjellige organisasjoner arbeider hver for seg, og ofte i en viss motsetning til hverandre. Under slike forhold er det nesten umulig å legge opp en samlet plan for det kristne arbeidet. Et forslag gikk ut på å få i stand et råd hvor alle organisasjoner og lag innenfor menigheten var representert. En menighet er alle de kristne på et sted, og idealet må være at de skal dele ansvar mellom seg både det åndelige, praktiske og økonomiske. Jo flere vi er om oppgavene, jo mindre blir det på hver. Generasjonsmotsetninger og fastlåste former kan være en hindring for nytenking i arbeidet.

Av neste dags program kan nevnes: nattverdsgudstjeneste, biskopens time, konsultasjoner om ungdomsarbeidet, bibeltime, samling i plenum.

Jeg kan ikke skrive om alt dette denne gang. Men av programmet går det fram at det var nok av ting å sette seg inn i og interessant å være med på.

Fra biskopens timer vil jeg trekke frem følgende:

Biskopen minnet om at han ikke var kommet for å fortelle tingdeltakerne hva de skulle tenke og mene, men for å stille en del spørsmål som måtte gis svar på. Tingets motto «Kirke i oppbrudd» måtte først og fremst vurderes i bibelsk perspektiv. Det er

Framhald side 3.

KYRKJELYDSBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstýrar Gudmund Skiftun. Dalekvam.
Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magna Hesjedal.
Kasserar Ragnar Trohjøll, 5297 Gammersvik.
Postgiro nr. 7 23 47. Bankgiro nr. 103385/123.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

Eit brev til borna

Kjære born,

Du tenkjer vel at Kyrkjebladet er ikkje noko barneblad, og det er nok rett det, men borna høyrer ogso med til kyrkja, og her er eit brev til alle born i kyrkjene våre.

Har du vore i kyrkja når eit barn vart døypt? Du hugsar nok ikkje då du sjølv vart døypt, men det gjekk føre seg på same måten som når born vert døypte no. Neste gong du er i kyrkja når eit barn vert døypt, so tenk på at slik gjekk det føre seg då du vart døypt ogso.

Først vart det lese frå Bibelen om kor Jesus ville at dei skulle koma til han med borna, ogso små born. Og han la hendene sine på dei og velsigna dei. Difor ber me og no born til Jesus, me gjer det når dei vert døypte.

Barnet vert døypt i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. Kva vil so det seia? Jau, når barnet er døypt, so høyrer det Gud og Jesus til. Har du tenkt på det, at du som er døypt til Jesus, du høyrer Jesus til? Det hende noko meir då du vart døypt. Der i kyrkja lova foreldra dine og dei som var med, at dei ville hjelpa til slik, at du får læra Gud og Jesus å kjenna når du vert større, slik at du kan høyra Gud og Jesus til ogso når du vert stor.

Sjølvsagt må me læra å kjenna han som me vart døypte til då me var små. Er der sundagsskule der du bur? Dersom det er det, so ver flittig å gå der, for der får du læra Gud og Jesus å kjenna. Og når det er kristendoms-timar på skulen, so tenk på at det har me fordi du som vart døypt til Jesus då du var liten, skule få læra han å kjenna.

Den som høyrer Jesus til, vil sjølvsagt gjerne gjera det som han vil me skal gjera, og la vera å gjera det som han ikkje vil. Men korleis kan me gjera noko for Jesus spør du. Jau her skal du høyra Medan Jesus var på jorda sa han: Alt det de gjer imot ein av mine, det har det gjort imot meg. Tenk på dette: Gjer me noko vondt imot ein annan, so er det som me har gjort dette mot Jesus, og gjer me noko godt imot ein annan, so har me gjort dette mot Jesus. Slik kan me no kvar dag prøva å gjera noko godt mot han som me vart døypte til då me var små. Prøv dette og du skal sjå kor gildt det er, og kor glad du vert.

Velkomen til kyrkja når det er gudsteneste, gudstenesta er ikkje berre for vaksne og gamle, men og for borna.

Hjarteleg helsing til alle borna.

Lars Bjørsvik.

Ungdomstinget —

Framhald frå side 2.

nødvendig å svare på spørsmålet om Den norske kirkes situasjon og kirkeordninge stemmer med mønsteret i Den hellige skrift. Hvis ikke er det på tide å bryte opp. I biskopens egen ungdom så han selv og mange med ham fram til en ny evangelisering på

grunnlag av folkekirkens og statskirkesystemet med dets enorme kontaktmuligheter. I mellomtiden var han blitt klar over at den Norske kirke sliter med en kirkeordning som stort sett stammer fra 1600 tallet. Biskopen ba om svar på spørsmålet om vi kan holde på 1600 tallets kirkeordning i 1970 årene. — Under okkupasjonen hørte jeg til dem som mente at kirken aldri skulle gå i spann med staten igjen, men jeg var snill gutt da frigjørings hallelujastemning brøt løs, sa biskopen. — Og de politiske partier var snille som søndagsskolebarn. I felleserklæringen lovet de at kirken skulle få de arbeidsorganer som kunne tjene dens fremtidige virke i fol-

LOVEN ER GOD

Bibelen fornyer sig stadig for sine lesere. Det gjorde den også for mig, da jeg på ny leste femte Mosebok, hvor Moses minnes farne dager. Boken er et tilbakeblikk på Herrens før-elser med sitt folk under ulike kår. Om dette emne er brukt de sterkeste og fineste bilder fra natur- og menneskelivet. Samtidig gjentas noen av de mange lover og forskrifter Gud ga, og som skulde være rettesnor for hans folk. De er så tallrike at jeg blir glad for å leve i den nye pakt. Men i all mangfoldigheten er der to trekk som preger dem alle.

Det ene er Guds kjærlighet og omsorg for de svake og vergeløse, enker, faderløse, fremmede og armingen. Det andre er Guds tre ganger Hellig, Hellig, Hellig.

Under lesningen kjenner jeg ærefrykt for hans navn. Ikke rart at Paulus skriver til romerne: «Så se Guds

ket. Men vi ble sveket, og det er noe av det hardeste jeg har opplevet både som kristen og prest. Ikke et eneste politisk parti har forstått kirken og hatt evne og vilje til å hjelpe i den situasjonen den sto. Så stol ikke på de politiske partiene i denne saken, sa biskop Juvkam.

Lørdagskveld den 14. august avsluttet ungdomstinget, og vi reiste hjem med en hel del impulser og ideer som så absolutt fortjener å settes ut i livet. Jeg takker menigheten for at jeg fikk lov å representere Dala.

Reis opp Guds unge folk og vær ditt mål bevisst. Husk at din ånd og sjel og kropp er viet Jesus Krist.

Lars Ragnvaldsen.

godhet og strenghet». «Og David sier: «Dine bud er rene, de opplyser øynene, de er rettferdige, trofaste, og jeg elsker dem.»

I sitt svar til den lovkyndige som spurte om det største bud, forenkler Jesus så herlig de mange bud til to store mektige: «Du skal elske Herren din Gud av alt ditt hjerte, av all din sjel og av all din høg. Dette er det første og største bud. Men der er et annet som er like stort: Du skal elske din neste som dig selv. På disse to bud hviler hele loven og profetene.» Jesus forenkler uten å slå av på lovens krav. Tvertimot utdypes han det ved å sette hjerteforholdet i sentrum. Mot disse to kjærlighetsbud blir vi skyldige alle som en.

Loven er god fordi han som gav den er god. Loven skal bane vei for Kristus står det i Galaterbrevet 3.

Johanne B. Helle.

Prestegjeldsreguleringa

Kyrkjeblad for Vaksdal nr. 6 har ei melding om at Osterøy kommune-styre har gjort nytt opptak til å få eitt prestegjeld på Osterøy. Det heiter at «Det er biskopen som har fått igjennom at Osterøy skal vera to prestegjeld».

Dette er ikkje rett. Det er ukjent for meg at biskopen i Bjørgvin er så mektig ein mann at han kan styre med Kyrkjedepartementet som han vil. Elles skal eg minne om at det låg føre tilrådingar i saka frå dei lokale kyrkjelege organ. Det var ulike meininger om grensene, men dei aller fleste kyrkjelege instansar rådde til deling i to prestegjeld. Avgjerda er uttrykk for at ein også i kyrkja må respektere visse demokratiske reglar. Det ligg elles føre brev dagsett 13. september i år frå departementet til Bjørgvin stiftsdireksjon at det ikkje no er høve til å taka opp prestegjeldsinndelinga i Osterøy til ny vurdering.

P. Juvkam.

Kyrkja

Minnest du kyrkja frå då du var liten? Desse preikesøndagane, då du visste der ville koma både hest og båt, og folk ville kome til Guds hus? Tenk te du den gongen på kyrkja som Guds hus? Nei, men det var noko heilag for deg å koma der. Det var helgefred over søndagen då, alt ifrå du reis opp og tok på deg dei beste kleda. Du kom høgtidsstemt inn på det kvitskura kjøkkengolv og sette deg til bords med dei andre. Mor hadde reint forkle, far hadde vasskjemt hår og syski-

na var like fine som du, og glade over festdagen. Og hugsar du ikkje enno den raudfarga dato på kalendaren? Jau, du tykte heile søndagen var raud. De borna fekk lov å leika ei stund til mor var fredig med sitt, men betre deg om du skitna deg til! Det samla seg folk etter vegen. Svartkledde dei fleste, men også meir fargerike born ved handa til mor. Vart då aldri mor ferdig? Kanskje de kom for seint. Endelig kom både mor og far. Mor tok eit blikk over flokken sin som snøggast. Det hende vel at det var ein flekk på finkleda. Men mor greid flekken bort.

Så gjekk ferda til kyrkja. Du såg helst på folket, som alle strøynde mot same målet, medan klokkenema og gjorde det endå meir klart for deg at jau, i dag var det helg både inne og ute. Og inne i deg sjølv og. Du gjorde som dei andre når du kom inn. Mannfolka sette seg på mannfolksida og kvinnene på hi. Du hørde spel og song. Du hørde presten tala der oppe frå, seinare stod han ved alteret og song, små stubbar song han, tykte du. Du forstod ikkje alt, men det la seg i deg noko godt, endå om du tenkte på bjøllekua heime, som hadde fått ein fin, svart kalv i går.

Gildast var det når det var barne-dåp. Då var aldri halsen lang nok. Og salmetonar lærde du, mest utan at du ville det sjølv og. Men det tok slutt, og du var nok letta. På heimvegen sette du både lengderekord og høgderekord, du var så trøytt av å sitja i ro. Og heime venta kjøttkakene.

Og no — kva er kyrkja for deg no? Venteleg noko anna, og vonleg er ho ikkje berre Guds hus, men ditt hus, der du kjenner deg heim der alt er «rett», bygd på minne? Der du kan

møte Gud med eit ope hjarta. Der du kan leggja syndebøra att med korset, der kan hjarta bøya seg i bøn og vera stilt i venting på Hans ord. Og når ordet om nåde har lagt seg til ro inne i deg får du jubla med i takk og lov-song. Då kjem kanskje det barnslege i deg fram att, og du kjenner same høgtida som den gongen. Du veit at Gud tek i mot deg, og det gjer deg glad. Og salmane tonar sterkt. Desse kan du, ja, det er nett som du høyrer røysta til mor. Det er slutt, og du vil gå ut. Men først ser du deg om. Trudde du at du skulle få sjå foreldre med born ved handa? Men kvar er alle borna? Høyrer dei ikkje til i Herrens hus no? Kva har dei ikkje gått glipp av — kor fatige dei er. Dei må vera utan ryggstø, tykkjer du. Nei, dei er her kanskje ikkje dine heller. Og ste-ga dine blir lengre. Du skundar deg heim, heim for å fortelja borna at neste gong skal me gå til kyrkja alle. Du får hast med å byggja dei ei fest-ning, trygg og sterk, tufta på Guds ord. For du veit at gode vānar og min-ne er av stor verd, og at eit under-medvet, der dei gode inntrykk, ord og minne ligg gøymde er den beste skatt-kista.

S. R.

Ein sakna mann på Dale

Hans Langhelle har gått bort. Best kjend var han i gatebiletet på Dale, men som skrivande mann har han opp gjennom āra slege til lyd for alle saker som låg han på hjarta, såleis reumatikarhjelp, pleieheimsaka i Vaksdal, Dale kyrkjegard. Han har skrive fint og hjartevermt om bygdefolk som gjekk bort, om trugne slitarar og snille folk.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE:

DALE:

Magnar Grøttā, fødd 17. juni 1971, døypt 15. august.

Hasse Sagstad, fødd 12. mai 1971, døypt 5. september.

Erlend Ragnvaldsen, fødd 3. juli 1971, døypt 19. september.

Sturle Settem, fødd 7. juli 1971, døypt 19. september.

Linda Lid, fødd 8. juli 1971, døypt 12. september i Bergsdalen.

Synnøve Lid, fødd 14. juli 1971, døypt 12. september i Bergsdalen.

Elisabet Gjermo, fødd 19. juni 1971, døypt 19. september.

STAMNES:

Jan Skauge, fødd 26. juli 1971, døypt 5. september.

Lill Barbro Bødtker, fødd 8. juni 1971, døypt 5. september.

VAKSDAL:

Sveinung Sæterdal, fødd 5. juni 1971, døypt 31. juli.

Jørgen Karlsne, fødd 29. juni 1971, døypt 27. august.

John Hisdal, fødd 9. august 1971, døypt 27. august.

Marit Herfindal, fødd 20. april 1971, døypt 29. august.

Wenche Hammer, fødd 28. juni 1971, døypt 22. september.

VIGDE:

DALE:

Arvid Edgar Eik og Randi Selstad, vige 25. september 1971.

VAKSDAL:

Jan Øystein Sæther og Lisbeth Grønsdal, vige i Bergen 21. aug. 1971.

Hans Erstad og Marit Litangen, vige i Bergen 7. august 1971.

Anders Vinsrygg og Tordis Mjelde, vige i Bergen 13. august 1971.

Tor Hisdal og Margun Raaen, vige i Ålvik 14. august 1971.

Odd Monsson og Vigdis Mōseng, vige i Bergen 18. september 1971.

AVLIDNE:

DALE:

Johannes Haugland, fødd 14. februar 1888, døydde 25. august 1971, gravlagd 31. august.

Marta Træen, fødd 23. november 1880, døydde 10. september 1971, gravlagd på Voss 18. september.

STAMNES:

Sigmund Nesse, fødd 6. februar 1903, døydde 30. august 1971, gravlagd 4. september.

Atle Solhaug, fødd 9. mars 1971, døydde 4. september 1971, gravlagd 9. september.

Anna Øyo, fødd 29. september 1893, døydde 11. september 1971, gravlagd 16. september.

VAKSDAL:

Anne Maria Bruvik, fødd 22. oktober 1906, døydde 22. september 1971, gravlagd 28. september.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvare
Frukt og grønnsaker

Dale Blomsterhandel

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

GUDSTENESTER

19. søndag e. treeining (17. oktober):

Eidslandet kapell: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.
Bergsdalen kapell: Sokneprest Skiftun.

20. søndag e. treeining (24. oktober):

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd.
Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

Bots- og bededag (31. oktober):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd.
Eksingedalen kyrkje kl. 11.00: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 17.00: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00: Musikkandakt Sokneprest Skiftun.

Helgemesse søndag (7. november):

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Menighetsfakultetet.

Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Institutt for Kristen Oppseding.

Vaksdal bedehus: Kyrkjelydsfest.

23. søndag e. treeining (14. november):

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Institutt for Kristen Oppseding.

Bergsdalen kapell: Sokneprest Skiftun. Offer til Samemisjonen.

24. søndag e. treeining (21. november):

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.
Nesheim kyrkje: Sokneprest Skiftun.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag t.o.m.
torsdag 8.30 15.00
Fredag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605

Tysdag 9.30 16.00
Torsdag 9.30 13.00
Fredag 9.30 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a

Laurdag 9.00 12.00

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**



Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189 - 2431 -
Dalekvam

Bensin - Dekk - Rekvisita

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{2}$

Tlf. 2240 DALEKVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{2}$

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

Stanghelle Handel

STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag
VAKSDAL**

Telefon.; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning